

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 33/2016

Møtedato: 16.11.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad om borehol og infiltrasjon på fritidsfeste

Statskog har sendt over to søknader om etablering av borehol og infiltrasjonsanlegg til fjellstyret for uttale. Både borehol og infiltrasjonsanlegg er plassert innanfor normal storleik for festetomt og skal ikkje behandlast av fjellstyret jf. vedtak 54/2006: *Infiltrasjon blir fagleg vurdert av kommunen og fjellstyret ser ingen grunn til å uttale seg til dette så lenge dette ikkje er til ulempe for andre interesser. Fjellstyret ser heller ikkje grunn til å skulle uttale seg til etablering av borehol når dette er inne på tomta.*

I uttale frå fjellstyret er det ikkje direkte sagt noko om plassering av infiltrasjonsanlegg. Utgangspunktet var at dette dreidde seg om tiltak innanfor festetomta. I sak 32/16 om vart det drøfta utfordring med tomtegrenser på punkt feste og viser til denne saka for drøfting av definisjon på tomteareal.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret vil presisere at vedtak i sak 54/06 er avgrensa til tiltak innanfor festetomt og at søknad om tiltak utanfor tomtegrense må sendast fjellstyret til uttale.

Vedtak

Fjellstyret vil presisere at vedtak i sak 54/06 er avgrensa til tiltak innanfor festetomt og at søknad om tiltak utanfor tomtegrense må sendast fjellstyret til uttale.

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.11.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune